

Kommunal- og moderniseringsdepartementet  
Postboks 8112 Dep  
0032 OSLO

Stord, 30. november 2020

## **Innspel til regjeringas handlingsplan for berekraftsarbeidet i Noreg**

NCE Maritime CleanTech takkar for høvet til å gi innspel til regjeringas handlingsplan for berekraftsarbeid. I klynga vår deltar over 125 partnarar for å utvikla energieffektive låg- og nullutsleppsløysingar til havnæringane. Å arbeida for å oppfylle klimamåla er vår daglege drift gjennom breitt og aktivt samarbeid på tvers mellom næringsliv, FoU, akademia og det offentlege.

I NCE Maritime CleanTech er samarbeidet særleg retta inn mot å oppfylle følgjande berekraftsmål:

- 9. Industri, innovasjon og infrastruktur
- 13. Stoppe klimaendringane
- 17. Samarbeid for å nå måla

Under følgjer våre innspel til eit styrka berekraftsarbeid.

### **Ein handlingsplan som rettar seg mot modne, grønne klynger**

Handlingsplanen bør retta seg mot korleis ein kan driva fram berekraftige aktivitetar i næringslivet gjennom best mogleg samspel mellom næringsliv og det offentlege. Klyngene er eit viktig verktøy for å styrka slike samarbeid på tvers av næringar og fagmiljø, samt at dei kan bidra til å få fram innovasjon og kommersialisera låg- og nullutsleppsløysingar.

Som moden klynge spelar NCE Maritime CleanTech ei sentral rolle i å få fram grøn omstilling i havnæringane. Våre klyngepartnarar har saman fått fram fleire verdslaiande miljøteknologiske løysingar i løpet av dei siste ti åra. Å styrka satsinga på slike klyngesamarbeid gjennom handlingsplanen kan gi viktige signal og endå meir fart til berekraftsarbeidet i næringa. Som klynge kan me vera kontaktpunkt og brukast til å få fram for eksempel innovasjonsprosjekt med involvering av heile verdikjeda (både etablerte, større internasjonale bedrifter og SMB-bedrifter).

### **Innovasjonsramme for berekraftsprosjekt**

Eit konkret forslag er at regjeringa i handlingsplanen lanserer ei eiga Innovasjonsramme-ordning for berekraftsprosjekt i klynger. Gjennom Innovasjon Norge kan modne klynger då leggja til rette for samarbeidsprosjekt med gjennomføringsevne, relevans og effekt for berekraftsarbeidet i Noreg. For å nå klimamåla trengst innovasjon på fleire område, og forskning viser at bedrifter som samhandlar i klynger er meir innovative og har både høgare verdiskaping og produktivitet. Som moden klynge med mange medlemsbedrifter kjenner me behova i næringslivet godt. Å fremja innovasjonssamarbeid i klynger i handlingsplanen vil gi nyttige verktøy for å styrka berekraftsarbeidet på tvers i næringslivet.

### **Styrk offentleg satsing på tilbod og etterspørsel etter klimavenlege løysingar**

I handlingsplanen bør ein fremja tiltaka som kan sikra raskare omstilling og sikra Noreg ei leiande rolle i eit grønt skifte. Det krev ei offentleg satsing og politisk vilje som stimulerer både tilbods- og etterspørselssida i omstillinga til grønne løysingar og teknologi:

- Bruk offentlege innkjøp til å fram berekraftssatsingane både i privat og offentleg sektor. Eit godt eksempel er korleis styresmaktene driv fram nullutsleppsteknologiar gjennom å stilla krav i offentlege kontraktar i ferje- og hurtigbåtsektoren.



Norwegian Centres of Expertise

**NCE Maritime CleanTech**

- Set krav som fremjar innovasjon og norsk verdiskaping. Vedtaket om nullutslepp i verdsarvfjordane frå 2026 er eit godt eksempel som driv fram nye teknologiløysingar for utsleppsfri passasjertransport i fjordane.
- Styrk etterspørselssida ved å stilla krav til nullutslepp i alle konsesjonar der ein forvaltar fellesskapet sine ressursar, for eksempel på sokkelen og i havbruk.
- Staten som vareeigar (for eksempel Statens Vegvesen) må forplikta seg til å prioritera miljøvenleg transport på lengre kontraktar og vera villige til å betala for dette.
- Stimuler vareeigarar til å velja klimavenlege logistikk-løysingar.
- Styrk tilbudssida ved å leggje til rette for infrastruktur for ny fornybar energi.

Me ønsker lykke til i det viktige arbeidet med å få fram ein god handlingsplan som styrkar berekraftsarbeidet i Noreg, og me bidreg gjerne med ytterlegare informasjon om innspela våre.

Venleg helsing

Hege Økland  
Adm.dir  
NCE Maritime CleanTech